

ØKONOMIREGLEMENT:

DELEGERING I BUDSJETTSAKER, RAPPORTERING OG REKNESKAP

Word/w/VJ/delegasjon02

1. DEFINISJONAR

Etat er ei administrativ eining. Kvar etat har ansvaret for ei eller fleire nettorammer tildelt av kommunestyret. Etatane er i hovudsak bygd opp av avdelingar, som igjen kan vera delt opp i "underavdelingar".

Ramme er den sum som er til disposisjon for å løysa oppgåver innanfor eit (budsjett)ansvars-område. Rammene kan vera på brutto eller netto nivå. Med brutto rammer forstås ein berre utgifter eller berre inntekter. Med netto rammer forstås ein brutto utgifter minus inntekter. Kommunestyret si tildeling av rammer til etatane er på netto-nivå.

Ansvar: Etatane, avdelingane og ev. underavdelingar vert styrt/leia av ein ansvarshavande. Ansvar er knytt til stilling/person som har budsjettansvar for eit nærare angitt budsjettområde.

Tenester er dei oppgaver kommunen utfører – t.d. sentral IT-drift, barnevern og og sanering kloakk. Tenester er plassert entydig inn under omgrepet funksjon i staten sitt rapporterings-system KOSTRA.

Artar er typer av utgifter eller inntekter som må til for å utføre tenester.

Prosjekt: Prosjekt refererer til ei spesifisering av tiltak både i drifts- og kapitalbudsjettet-/rekneskapen. Kvar tiltak vert gitt eit prosjektnummer.

2. DRIFTSBUDSJETTET

1. Kommunestyret

1. Kommunestyret skal innan utgangen av året (31.12.) vedta ein rullerande

økonomiplan og eit samla driftsbudsjett for neste år. Budsjettet er fyrste året økonomiplanen.

2.1.2. Kommunestyret fastset driftsbudsjettet for inntekter og utgifter slik det framgår av

budsjettskjema 1 (fellesinntekter/-utgifter)

3. Kommunestyret fastset driftsbudsjettet (etatane/kyrkja) på netto ramme-nivå.
4. Kommunestyret sine fastsette netto driftsrammer kan berre endrast av kommunestyret

sjølv.

5. Kommunestyret fastset talet på netto-rammeområde.
6. Kommunestyret fastset nivået på avgifter, gebyr og betalingsattsar.

Dei vidare fullmaktene innanfor dette reglement kan berre nyttast i den grad dei ikkje er i strid med mål, prioriteringar og premisser som er lagt til grunn for budsjetttrammene i kommunestyret sitt budsjettvedtak.

1. FORMANNSKAPET

2.2.1. Formannskapet fører tilsyn med kommunen si økonomiske forvaltning, og er ansvarleg

for at budsjettet vert følgt opp i samsvar med kommunestyret sine føresetnadar.

2. Formannskapet fremjar innstilling til budsjett og økonomiplan for kommunestyret.

2.3. ØKONOMIUTVALET

1. Formannskapet er økonomiutval.
2. Økonomiutvalet utarbeider forslag og fremjar innstilling til budsjett og økonomiplan for formannskapet.

2.4. HOVUDUTVALA

Formannskapet er hovudutval for sentraladminstrasjonen

1. Hovudutvala har disposisjonsfullmakt for netto driftsrammer fastsett av kommunestyret.
2. Hovudutvala skal sjå til at budsjettet vert nytta effektivt i høve til dei mål og premisser som er lagt til grunn for løyvinga i kommunestyret.
3. Hovudutvala kan nytta meirinntekter innanfor eige ansvarsområde.
4. Hovudutvala kan omdisponere midlar innanfor sitt/sine netto driftsramme(r) til mindre investeringar i utstyr, mindre rehabiliteringsprosjekt, inventar og transportmidlar.
5. Hovudutvala kan disponere av eigne disposisjonsfond til driftsføremål.

6. Hovudutvala sine omdisponeringar skal gjerast som budsjettendring, og melding skal oversendast rådmannen.

4. RÅDMANNEN

1. Rådmannen utarbeider budsjettgrunnlag for økonomiutvalet sitt arbeid.
 2. Rådmannen er ansvarleg for løpande kontroll av den økonomiske utviklinga i kommunen, herunder
- følgje opp inntektssida i budsjettet
 - rapportering til hovudutval, formannskap og kommunestyret
 - sikre at budsjettet/økonomiplanen til ei kvar tid er i balanse
1. Rådmannen kan omgjere og opprette nye stillingar innanfor budsjettet.
 2. Rådmannen kan, innanfor dei einskilde rammeområde, omdisponera midlar når endringane er ikkje-prinsippielle.
 3. Rådmannen kan, innanfor dei einskilde rammeområde, nytta meirinntekter når desse er ikkje-prinsippielle.
 4. Rådmannen kan ved årsavslutninga avsetja til bundne driftsfond, og kan disponere slike avsettingar i budsjettåret.
 5. Rådmannen kan ved årsavslutninga avsetja til disposisjonsfond til kvart ramme-område. Maksimal storleik på desse disposisjonsfonda er 3 % av rammeområda si brutto utgiftsramme i opprinneleg budsjett. Slike avsettingar kan berre gjerast dersom det er overskot i høve til tildelt nettoramme, og kommunen totalt sett som minimum går i balanse.

3. INVESTERINGSBUDSJETTET

1. Kommunestyret fastset investeringsbudsjettet på prosjektnivå
2. Kommunestyret endrar investeringsbudsjettet på prosjektnivå

3. RAPPORTERING/ÅRSMELDING

1. Kommunestyret og formannskapet skal etter første og andre tertial - pr. 01.05. og pr 01.09. - ha sak om budsjettforbruket/-situasjonen, i forhold til vedtatt årsbudsjett.

2. Ut fra situasjonen pr. 1.tertial avgjer formannskapet om det skal leggjast fram halvårsrapport.

3. Kommunestyret skal i tertialrapportane ha
 - ei vurdering av stoda i høve til dei mål som er sett opp i budsjettet
 - melding om ev. avvik i høve til framdrift og kostnader/finansieringsplan på investeringsbudsjettet

1. Kommunestyret skal med bakgrunn i dei framlagte tertialrapportane gjera nødvendige endringar i drifts- og investeringsbudsjettet.
2. Kommunestyret skal behandle årsmelding for kommunen i same møte som årsrekne-skapen.

3. REKNESKAP

1. Rådmannen har kvart år ansvar for å føreta strykingar av avsettingar til

disposisjonsfond, samt å bruke av etatane sine disposisjonsfond for å avgrense/forhindre underskot på etatane sine netto rammer.

2. Kommunestyret skal disponera årsoverskot i same møtet som rekneskapen vert behandla.
3. Ved underskot skal kommunestyret i same møtet som rekneskapen vert behandla redusere

dette så langt som råd er ved å foreta følgjande transaksjonar - i nemnde rekkjefølgje:

- stryke overføringar til investeringsbudsjettet
 - stryke avsettingar i driftsbudsjettet
 - bruke frie fond
2. Dersom eit rammeområde har overskot på drifta i eit rekneskapsår (år 0), og dette vert

nytta for å dekkje/reducere eit totalt underskot, skal det inndregne beløp søkjast

kompensert ved rammefastsettinga for år 2.

Ved overskriding av tildelt netto ramme i eit rekneskapsår (år 0) skal dette vurderast trekt

heilt eller delvis i ramma for år 2. I særskilde høve kan trekket fordelast over fleire år (år 2-4).

Vedtak om trekk eller kompensasjon blir fatta av kommunestyret.

3. Rekneskapen for byggje- og anleggsprosjekt skal normalt vera avslutta og behandla i kommunestyret seinast eitt år etter ferdigstilling/overtaking. For byggjeprojekt viser ein elles til instruks – sist endra/vedtatt i kommunestyret 09.02.1998 sak 6/98.

Kleppe, 13.januar 2003.

Word/w/VJ/delegasjon02

INTERNT FULLMAKTSREGLEMENT I BUDSJETTSAKER

1. DELEGERING FRÅ RÅDMANNEN

1. Kommunalsjefane utøver rådmannen si mynde innanfor sine respektive rammeområde i samsvar med økonomireglementet pkt. 2.5.4. og 2.5.5.

1. BUDSJETTOPPSTILLING OG ØKONOMISTYRING/RAPPORTERING

1. Kommunalsjef har ansvar for at det vert utarbeid forslag til budsjett for sitt ansvarsområde. Forslaget skal utarbeidast innanfor dei netto rammer som vert gitt i rundskriv frå rådmannen. Forslaget skal utarbeidast i samsvar med retningslinjer/mal i rundskrivet.
2. Dei økonomiske rammene vert gitt med basis i dei retningsgjevande rammer som kommunestyret vedtar i samband med budsjettbehandlinga i desember året før. Rammene vert normalt pris-/lønsjustert.
3. Kommunalsjef er ansvarleg for løpande kontroll av den økonomiske utviklinga innanfor sitt budsjett-/ansvarsområde, herunder
 - følgje opp inntektssida i budsjettet
 - rapportering til hovudutval
1. Rutiner ved rapportering/årsmelding
 - Tertialrapportar og årsmelding skal utarbeidast i samsvar med retningslinjer/mal i rundskriv som rådmannen sender ut på førehand.
 - Perspektivet i tertialrapporteringa på driftssida er forventa årsresultat, med utgangspunkt i den økonomiske situasjon pr.d.d.
 - Ved avvik har kommunalsjef ansvar for koma med framlegg til tiltak for rammetilpassing
 - Større avvik i høve til kostnadsoverslag og framdrift på investeringstiltak skal rapporterast omgåande til rådmannen
1. Budsjettregulerings skjema

I saker til politiske utval som inneber endring av drifts- og/eller kapitalbudsjettet skal standard skjema for budsjettregulering utfyllast og leggjast ved.

3. ENDRING AV VEDTEKNE DRIFTSRAMMER

1. Ved tertialrapportane er det i prinsippet berre rammejusteringar som har økonomiske

konsekvensar berre for inneverande budsjettårs om skal behandlast. Det vil og vera

aktuelt å fanga opp/signalisera behov for framtidige rammejusteringar ved tertial-

rapportane. Men framlegg som inneber å binde opp økonomiske ressursar for komande

år skal kanaliseras til den ordinære økonomiplan-/budsjettprosessen.

2. I unntakstilfelle kan det likevel leggjast fram einskildsaker som inneber rammeendring, og som har økonomiske konsekvensar for komande økonomiplanperiode. Slike saker skal vurderast i samråd med ansvarleg kommunalsjef, rådmann og økonomisjef. Før politisk behandling skal saka leggjast fram for leiargruppa til vurdering og drøfting.

Kleppe, 13.januar 2003.